



# Protokoll styremøte i Suldal IL

Onsdag 03. mai 2022 kl 19:00 (møte nr 2 2023/2024)  
Personalrommet Vinjar skule

## Saksliste:

- Sak 4/24 Godkjenning av innkalling og saksliste**
- Godkjent
- Sak 5/24 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte**
- Godkjent
- Sak 6/24 Orientering og saker frå leiar v/Helen Moen Gjuvland**
- Brønnøysundregisteret oppdatert. Førre kasserar overfører tilgangar til ny kasserar.
  - Idrettsrådet - lokale aktivitetsmidler og kulturmidler blir vedtatt i årsmøte.
    - Leiaren luftar tanken om å få ein ny person til å representere i idrettsrådet.
  - Forsikringsavtalen - gjennomgått og samla forsikringane i ein avtale, underslagsforsikring i klubbforsikringa.
  - Kommunekontakt – Gullinghuset og handheving av avtalen.
    - Leiar har vore i kontakt med Aud Marit, kultursjef, fleire gonger. Har ikkje fått noko tydeleg svar endå. Det er blitt stilt krav til at dei må rydde opp i avtale og forventingar, slik at alle veit kva som gjeld.
    - Idrettslaget har ei klar forventning om at sidan det er kommunen sitt hus, er dei ansvarlege for bestilling av vaskeutstyr, dopapir, påfyll av filler og utvask etter utleige.
    - Idrettslaget ønskjer å forlengje avtalen slik den har fungert til no. Der ein har tilsyn med huset og nedvask ein gong i året.
  - Søkt straumstøtte – 5231,- (Lotteri og stiftelsestilsynet)
  - Oppdatert Flaggliste
    - Sender den ut etter møte
  - Kasserar ønskjer å få alt digitalt. Dersom dette fungerer kan ein seia opp avtalen med Tveit. Tanken er at dette skal bli eit system som er lett å gjennomføra og vidareføra til neste kasserar.
  - Styret går inn for å gå for den nye digitale modulen som ligg under Suldal økonomi og rådgiving.
  - Det er skilnad på sponsorinntekter og støtte frå ulike aktørar. Viktig å vera obs på formuleringa i nye og eksisterande avtalar.
- Sak 7/24 Orientering økonomi v/Venke Olene**
- Hatt møte og laga ny liste for kioskdugnad
  - Ønskjer om å få tak i eit par forkle som kan henge i kiosken. Tips om å høyre med Museet om dei har nokre etter Lølandmarkeringa
  - Styret er Venke Olene Vaarvik , Rannveig Hjorteland og Ragnhild Sagsveen
- Sak 8/24 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit**



- Fotballgruppa er uendra frå 2022.
  - o Jon Bråtveit, leiar
  - o Astrid Gundersen, medlem
  - o Siri Handeland, medlem
  - o Neri Fisketjøn, medlem
  - o Svein Øystein Berge, medlem
- Fotballsesongen har starta, har alt delteke på
  - o Statkraftcup i februar/mars
  - o Saudacup i april
  - o G15, J15 og M6 har starta seriesesongen
  - o Miniknott startar i morgon (4/5), resten neste torsdag.
  - o Suldalsserien- og cupen blir i år arrangert av IL Sand. Neste år er det Suldal IL sin tur.
  - o Har påmeldt to miniknottlag, tre knottelag, fire lilleputtlag, to ungdomsskulelag og eitt gubbelag.
  - o Grunna tysdag- og torsdagkampar for Suldalsgutane- og jentene i år, blir det nokre utfordringar både med banekapasitet og dommarar til Suldalsserien torsdagane. Me kjem til å ha to 5'ar- og to 7'ar-kampar på likt kl 17.30 for at det skal vera klart til G15/J15 kl 19.30.
  - o J15 og G15 skal på Sør-cup første helga i sommarferien. Dei har samla inn fleire tusen for å ha felles buss.
  - o Totalt registrert 173 aktive spelarar

Samordnet Rapportering													
Aktive medlemmer													
	Total org	Kvinner						Menn					
		0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Suldal IL - Fotball	173	0	31	24	0	0	55	0	43	33	9	33	118
	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

- Har utvida horisonten litt med tanke på nye impulser for mellomgruppa. Har spelt treningskampar mot Ølen og Sauda, og det blir informert om fotballskular og samarbeidstreningar med lag i nærleiken.
- Er i gong med Grasrotrenarkurs 2 i regi av FK Haugesund med om lag 14 trenarar.
- Har inngått samarbeidsavtale med FK Haugesund.

## Sak 9/24

### Orientering frå skigruppa v/Kjersti Moe (nestleiar)

- Leiaren i skigruppa gjennom mange år har gitt seg, og Magnus Bakka har overtatt vervet.
- Styret denne perioden er:
  - o Leiar: Magnus Bakka
  - o Nestleiar: Kjersti Moe
  - o Skrivar: Else Kristin Hilde Krogh
  - o Marta Bakka Lunde og Kolbein Kjetilstad
- Denne sesongen har det vore ca 50 aktive medlemmer. Skigruppa har arbeida med at dei tre gruppene i laget ikkje er delte kun etter alderstrinn.
- Positivt at det har komme nokre nye medlemmer frå andre grender enn Suldal.



- God snøvinter, både med snøproduksjon og natursnø. Positivt å vite at alle gruppene kan trene samstundes i same område.
- Ulike turar; Røldal, langtur til Krossvatn
- Positivt for miljøet med klubbturnar til Hovden og Høgås. Kjekt dersom folk kan få til felles måltid på desse turane.
- Stabile trenerar gjennom sesongen.
  - Eldste: Lars Lunde, Magnus Bakka, Vebjørn Nærheim og Øyvind Røgenes
  - Mellomgruppa: Aslak Moe og Olav Bakka Berge
  - Yngste: Jens Marcussen og Dagfinn Havrevoll
- Skikarusellen har hatt ein oppsving denne sesongen. Totalt 180 deltakarar har vore med. Suldal arrangerte første og siste karusell i år.
- Mannskapslistar må ut på fleire arenaer. Har vore nokre misforståingar når det berre vart sendt digitalt.
- Det har vore arrangert to skirenn: Suldalsrennet (ca 100 deltakarar) og Hamrabørennet.
- Har investert i nytt utstyr; orgeltramp og hopp. Dette kan brukast på både asfalt og snø. Utstyret er delfinansiert av midler som Ella Tjøstheim har søkt på. Det er også handla inn skiutstyr slik at medlemmer kan låne på trening i ein periode ved behov.
- Akebakken er neste prosjekt. Det er søkt om midler frå ulike aktørar.
- Snøproduksjon har ei eiga gruppe der Per Even fortset. Det vert jobba for å få ein langsiktig avtale med kommunen, og ikkje måtta forhandla kvart år.

#### **Sak 10/24      Orientering frå trim v/Terje Gjuvsland**

- Bjødlenuten: trimgruppa har fått ein del ansvar på Dagsturhytta. Har nyleg lagt ut fleire bruer og lagt om stien litt. Ønskjer ikkje å bruke bruer av glasfiber.
- Skal kjøpe inn knaggar og henge opp på utsida av bygget.
- Skal sette opp nye skilt opp mot Stråpanuten.
- Guntveitåsen vart merka betre i fjor.
- Sand skule lagar nye merkepinnar som kan brukast i merkinga.
- Bjødlenuten blir ein del av skogstrimmen, og det kjem snart ny bok.
- Aktivitetene som ligg under trimgruppa er; Gubbatrim, dametrim, yoga og skogstrim.

#### **Sak 11/24      Orientering og status «Prosjekt Prestavikjo» v/Jon Bråtveit**

##### Økonomi:

- Det kjem stadig inn gåver. Til nå har me fått 1.771.000,- frå ulike givarar, pluss massane me måtte trenga, stipulert 2800 tonn. I tillegg kjem kr 2.000.000,- frå Suldal kommune som forskotering på spelemidlar. Totalt kr 3.771.000,- pluss massar som fort har verdi på over kr 200.000,-. Budsjettet seier at Suldal IL må opp i kr 4.152.345,- for å ha fullfinansiert på dei prisar som er innhenta i vinter. Dermed manglar me 2-500.000,- på å nå budsjettet.
- Alle prisar er ikkje endeleg, så nokre justeringar i budsjett vil det bli.
- Me har nokre usikre utgiftspostar som det er ønskjeleg å få på plass:
  - o Grunnarbeid og asfaltering: BG Suldal jobbar med dette.
    - Asfalt kom inn 2/5 med 5% stigning frå i fjor + 15% påslag. Noko utanfor budsjett, men litt andre areal enn opprinneleg budsjett. Må finrekna her, dessutan ta hensyn til kva me får godkjente spelemiddelsøkningar til.



o Elektro: JK Elektroservice har lemmepause eit par veker. Håpar å ha denne vinteren ved månadsskiftet april/mai.

o Frakt av massar. Lastebil frå Berekvam, eller på båt til Sand.

- Resten av utgiftene meiner eg me har grei kontroll på.
- Har framleis søknadar ute om midlar, mest aktuelle er SR-Bank-stiftelsen, lokale kraftprodusentar og enkelte andre lokale, Olav Thon. Har håp om at heile budsjettet er på plass ved utgangen av mai. Alltid optimist!

#### Spelemiddelsøknadar:

- Endelege svar er venta nå i mai.
- Me veit pr i dag at me får godkjent pumtrack og 3'ar-banar, og turnbassenget ligg også klart.
- Me får sannsynlegvis nei på rulleskiløype, det er ufråvikeleg krav med fire meter trasè. Her må me inn med ny søknad januar 2024 for å få omgjort det til asfaltert turløype. Dermed kan det sjå ut til at me må inn med asfalt til rulleski og rundt anlegga neste år. Me må sjå på budsjettet om me kan leggja asfalt slik at me har underlag til padel-tennis og fleirbruksbane i år.
- I dag (3/5) kom det hint om at balansepark og fleirbruksbane heller ikkje blir godkjent. Førebels ukjent kvifor. Kan vera noko usikkerheit rundt tala me hadde i januar.
- Suldal kommune betalar ikkje ut verken sin del eller forskotering på anlegg som ikkje har fått godkjent spelemiddelsøknadar.

#### Formelle søknadar, dispensasjonar, løyver:

- Årsmøtet i idrettslaget har godkjent at styret i idrettslaget kan ta avgjerder med tanke på prosjektet.
- Suldal kommune har gitt oss rammeløyve til alt me har søkt om, med vilkår om at tilkopling av rulleski til sykkelsti ved undergrunn og eksisterande nedkøyrsel blir godkjent av vegvesenet.
- Vegvesenet hadde svarfrist på desse tilkoplingane 6. april, og har ikkje komme med innvendingar. Reknar derfor med at det går godt.
- BG Suldal sender gjennomføringplan til kommunen.
- Når gjennomføringsplanen er på plass, sender me den inn og vil få igongsettingsløyve. Då er alt på plass når det kjem til dispensasjonar og løyver.

#### Framgangsplan

- Tribune bør ein kunna gå i gong med når igongsettingsløyvet er på plass, me har fått finrekna på budsjettet og styret gir klarsignal.
- Pumtrack må me ha eit mål om å få i land før sommaren, ønskjer å kunna bestilladette straks.
- Må nok redusera asfalteringsplanar, tenkja pumtrack og nordre sving i 2023, så får rulleski/turløype komma i 2024. Då kan ein få på plass alle anlegg som får godkjent spelemiddelsøknad bortsett frå rulleski.
- Bør ein då venta med grunnarbeid på Lågastien? Kva med område på indre bane?

#### Anna:

- Det som er klart, er at me har lov til sjølv å henga opp prosjektor og lerret, samt kunst i foajèen. Det tenkjer eg er rett rundt hjørnet, og driv og knyter til ossspesialkompetanse på kunst og prosjektor for å få montert dette.



Så alt i alt går mykje på fram, mens ein må forventast nokre skjer i sjøen. Ting vil nok ta litt lengre tid enn ein først håpar.

Tek nytt møte i ressursgruppa før 17. mai.

**Sak 12/24**      **Ymse**

- Politiattest: Kvar enkelt trenar må inn i Minldrett og registrere seg sjølv. På denne måten får ein oversikt over kven som er registrert med attest og ikkje. Dette er meldt vidare til undergruppene.
- Nøklar: Hege sender ut påminning til dei som fortsatt har nøkkel gjennom eit verv i Suldal IL.